



Magnar Askeland
Rosslandsvegen 293
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2912 - 17/24696

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
18.12.2017

Løyve til jordpåfylling og planering av jordbruksareal på Gbnr. 22/4 - Mjåtveit.

Administrativt vedtak. Saknr: 362/2017

Saksutgreiing:

Magnar Askeland søker i søknad dagsett 10.09.2017 om løyve til jordpåfylling og planering av eit areal på Gbnr. 22/4 på Mjåtveit. Arealet består av om lag 4-5 daa fulldyrka- og overflate dyrka jord, og restarealet er registrert i AR5 gardskartet som jordekt fastmark. Den jordekte fastmarka er eit steinuttak som tidlegare har vore nytta på garden. Det dyrka arealet er slåtteareal og har gjeve gode avlingar og er såleis eit viktig grunnlag for gardsdrifta.

Dyrka jord utgjer hovuddelen av arealet, og det er myrjord som er jordtypen på desse areala. Myrjord er den vanlegaste jordarten her i regionen. Myrjorda har eit naturleg høgt jordsvinn som følge av naturlege prosesser, men det inneber at jordlaget vert gradvis tynnare. Dette gjer maskinell hausting vanskeleg da jordene vert meir kuperte, drenering blir dårligare og areala blir dårligare arrondert. Søkjar ynskjer å fylle jord på desse areala for å oppretthalde kvaliteten og for å få eit samanhengande slåtteareal frå tunet og ned til andre areal. Søkjar ynskjer å senke kanten på steintaket og fylle på jord slik at dette også vert slåttemark.

Det er planlagt å fylle på i snitt 3 meter for å få eit slakt skrånande areal ned frå tunet og mot aust kor søkjar har eit større slåtteareal. Arealet aust for omsøkt areal vart godkjent fylt på med jord og planert i administrativt vedtak saknr. 106/2015.

Administrasjonen har vurdert tiltaket som søknadspliktig etter ureiningsforskrifta Kap. 4, §§ 4-1,4-2 og 4-4.

Vurdering:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Jordsvinn av myrjord gjer at det er vanskeleg å oppretthalde kvaliteten på dyrka mark. Det er ein utfording for bønder å hauste maskinelt på ein rasjonell og økonomisk måte etter kvart som areal blir meir og meir å drive. Dette kombinert med aukande nedbør gjer at det kan vere vanskeleg å oppretthalde førproduksjon på gardane. Areal med därleg arrondering/profilering kombinert med sviktande drenering gjer utfordringar for hausting. Ein ser i dag at drenering etter kvart slutter å fungere då jordsvinnet fører til at utløp blir liggande høgare i terrenget.

Administrasjonen har vurdert at tiltaket ikkje er strid med LNF-føremålet, då bruken av areal vil vere jordbruksproduksjon etter gjennomføring av tiltaket. Søkjer opplyser at det har blitt lagd avskjæringsgrøfter rundt arealet som følgje av påfyllinga på naboarealet. Vidare er det lagd ein voll med veg ut mot Mjåtveitelva som hindrar massane å gli ut, og som bremser vatnet slik at det vert sedimentert før det renner ned i vassdraget. Søkjar opplyser at det er planlagd å ta imot relativt tørre avgravingsmassar, og at ein ikkje skal ta imot myrjord. Arealet skal profilerast i slik at ein får eit slak skråning med god avrenning av overflatevatn. Transporten skal skje via godkjent avkjøring frå fylkesvegen og inn på eksisterande landbruksvegar. Det vil være naudsynt å senke kanten på steinutaket litt for å tilpasse den slik at ein får ein jamn heling og slik at ein kan få ein god arrondering på arealet.

Søknaden har vore sendt på høyring, søknaden vart sendt til Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje motsegn, men ber om at ein under opparbeiding søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapselement som steingarder eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast, jf. Meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn, men skriv; Sørgrensa av omtalt tiltak er i nærleiken av to svært verdifulle tørrmurte tovhus. Tiltaket må ikkje få følgjer for desse bygga og deira tilstand. Bygga det gjeld er registrert i SEFRÅK med høvesvis objekt/ID-nummer 1256 207 020/176034815 og 1256 020 7019/176034807.

Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med dei omtalte torvhusa, då tiltaket skjer på motsett side av landbruksvegen av torvhusa. Men administrasjonen vil understreke at det må takast omsyn slik at dei ikkje vert påverka av tiltaket.

Administrasjonen har vurdert søknaden i medhald av Naturmangfaldslova (NML) §§ 8-12, jf. § 7. Etter ein gjennomgang av artskart, naturbase og kommunen si kjennskap til naturverdiar på Mjåtveit. Det er registrert 2 artar av stor forvaltningsinteresse på arealet, alle er i kategorien nær truga, jf. § 8. Det er også registrert to artar av særleg stor forvaltningsinteresse, begge i kategorien sårbar i nærleik til arealet. Det er fiskemåke og stær som er registrert på arealet, begge artane er vanleg å finne i kulturlandskapet, særleg i areal der det er husdyr. Ingen av dei hekker i jordbruksareal, og det er administrasjonen si vurdering at tiltaket truleg ikkje vil påverke dei negativt. Det er registrert sædgås på naboarealet, dette er ein sårbar på norsk raudliste. Den hekker ikkje i regionen her, og observasjonen er truleg individ som raster på trekk mellom hekkeområdane i nord og overvintringsområde i sør. Administrasjonen meiner at tiltaket kan gjennomførast, utan at det vil vere i konflikt med sædgåsa. Administrasjonen viser til at det er andre områder som kan fungere som rasteområde på trekket. Vidare legg administrasjonen vekt på at arealet er eit veldig mykje brukt turområde, og difor kanskje er mindre attraktivt. Mjåtveitelva er eit vassdrag som har elvemusling, som også er ein sårbar art. Administrasjonen meiner det er viktig å sikre at det kjem mykje avrenning frå ein jordtipp rett i elva. Her meiner administrasjonen at søker har sikra tiltaket på ein god måte ved avskjæring av overflatevatn, voller som senker vasshastighet og held på massane. Vidare nyttar søker fangdammar for sedimentering. Fleire av desse tiltaka er alt på plass etter at det vart gjeve løyve til

jordpåfylling og planering på naborearealet. Det er også viktig at jordmassane vert tilsådd raskt og har grasdekke undervegs i anleggsperioden for å redusera uønska avrenning av partiklar frå massane.

Administrasjonen meiner det ligg føre nok informasjon om naturverdiar på Mjåtvæit, og at føre-var prinsippet ikkje gjer seg gjeldane, jf. § 9. Tiltaket vil kunne bidra til utbygginga i området, men administrasjonen legg vekt på at planlagd bruk på arealet, er som dagens bruk, jf. § 10. Det har vore landbruksaktivitet på arealet i lang tid. Administrasjonen meiner etter ein samla vurdering, at tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i NML §§ 8-12.

Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje vil føre til ulykke for nabobar eller for trafikkantlar ved at området ligg for seg sjølv mellom tunet og anna jordbruksareal. Det er i dag ein landbruksavkjøring i rundkjøringa og transport til og frå området vil derfor ikkje føre til ulykke for anna trafikk, mjuke trafikkantlar eller bebuarar.

Administrasjonen meiner ein samla vurdering at tiltaket er eit godt og viktig tiltak for å sikra eit godt produksjonsgrunnlag på garden. Ein vil her heva kvaliteten på eksisterande jordbruksareal, og sikre at dette kan haustas rasjonelt med maskiner. Vidare vil tiltaket føre til litt meir jordbruksareal på garden ved å ta det gamle steinuttaket. Administrasjonen vil likevel leggje vekt på at det er viktig å hindre avrenning frå påfyllingsarealet mot elva, her må dei tiltak som er skissert i søknad gjennomførast. Vidare er det viktig at ein vurderer nye tiltak dersom det er trond for det. Det må i periodar med stor nedbør ikkje gjerast tiltak som aukar faren for avrenning.

Vedtak

"Meland kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på gnr. 22 bnr. 4 på Mjåtvæit i Meland kommune. Løyvet gjeld berre for omsøkt areal på ca. 6 daa avmerka på kart, og tiltaket skal gjennomførast innan 01.01.2019.

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Magnar Askeland står sjølv ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
- Det må berre køyrast på reine jord- og steinmassar. Kvart lass skal så langt så råd vere dokumentert.
- Køyring til anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekninske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsatt av Landbruksdepartementet.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning, og i nedbørrike periodar må det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.
- Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg.
- Ved funn av kulturminne skal arbeidet stansast og kulturminnemyndighet varslast.
- Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
- Meland kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning til Mjåtvæitelva.
- Meland kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.

Vedtaket har heimel i Forskrift om begrensning av forurensning kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfel §§ 4-4, 4-5, 4-6 og 4-8."

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart (L)(346002)

Mottakere:

Magnar Askeland

Rosslandsvegen
293

5918

FREKHAUG